



DEN NORSKE KYRKJA
Klepp sokneråd

Kleppevarden 2
Postboks 101
4358 KLEPPE
klepp.sokneraad@klepp-kirken.no
www.kleppkyrkje.no
Kontonr. 3290.07.71265
Org.nr. 976 993 551

Møtebok.

Frå kl 19:30 til 22:00 Møtedato: 26.10.2016

Frå saksnummer: 61/16 Til saksnummer: 71/16	Møtestad: Menighetssalen
Av utvalet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:	
Medlemmer:	Maria Friestad Bergseth Sikkeland (leiar) Ivar Slettebø (nestleiar) Andreas Haarr (sokneprest) Tor Henrik Nesse Magne Gjesteland Anne Mari Tjåland Tengesdal Magnus Friestad Bjørkavoll-Bergseth Inger Christine Roth Jakobsen
Vara medlemmer:	Hans Theis(1.vara) Tove-Rudi Tobiassen (2.vara)
Andre:	Ingunn D Aandal – sekretær Christine Åsbø Hansen sak 63/16 Camilla Lyngstad sak 63/16
Diverse merknader	Ikkje til stades: Inger Vassel Myrstad

Sak 61/16 Godkjenning av saksliste og innkalling

Vedtak: Saksliste og innkalling vert godkjent.

Sak 62/16 Godkjenning av møtebok av 28.09.2016

Vedtak: Møteboka av 28.09.2016 vert godkjent.

Sak 63/16 Ungdomsarbeidar og kyrkjelydspedagog orienterer

Kyrkjelydspedagogen og ungdomsarbeidaren orienterte om oppstarten av dette konfirmantåret og arbeidet blant dei andre ungdommane. Det er i år et kull på 85 konfirmantar. 4 av desse høyrer til Orre, men pga få konfirmantar dette året følgjer dei Klepp sine samlingar.

Punkt som vart teken fram:

- Godt start – god gjeng med leiarar
- 20 Alpha-konfirmantar (møtes ein gong ekstra per måned til meir undervisning)
- Få Klekkarar i år – det vert jobba meir mot årets konfirmantar for å få dei med som Klekkarar til neste år.
- Nylig hatt Konfreunion for 10.klasse. Bra oppmøte
- 4B er lagt ned pga lite oppmøte
- Har starta bibelgruppe for jenter
- Det vert ikkje UanZ i 2016 pga for stor arbeidsbelastning på Klepp-staben. UanZ må organiserast på ein annan måte for å fordela belastninga
- Det har vore ytra ynskje om å få med fleire vaksne i konfirmantarbeidet. Det går fint dette året, men treng fleire med for neste år pga større årskull. Treng hjelp til fasteaksjonen.

Sak 64/16 Samarbeid med Klepp stasjon kyrkjelyd

Drøftingar rundt bordet om korleis vi best muleg kan samarbeida kyrkjelydane imellom og spele kvarande gode. Det vil bli eit felles møte mellom representantar frå sokneråd og styringsgruppa for Klepp stasjon kyrkjelyd.

Sak 65/16 Orienteringssaker

- a) Søknad frå Bygdekvinnelaget ang hausttakkegudstenesta
- b) Status dagleg leiar
- c) Referat møte i misjonsutvalet

Sak 66/16 Stemmegiving - Val av biskop i Stavanger bispedømme

Vedtak: Det er 8 røysteføre i Klepp sokneråd. Ved avstemming vart desse tre kandidatane stemt fram:

1. Helge S Gaard – 5 stemmer
2. Ivar Braut – 5 stemmer
3. Bård Mæland- 8 stemmer

Sak 67/16 Strategiplan

Vedtak : Forslag til strategiplan med handlingsplan for Klepp sokn 2016-2019 vert godkjent.

Sak 68/16 Rekneskapsrapport per 30.09.2016

Vedtak: Rekneskapet per 30.09.2016 vert tatt til orientering

Sak 69/16 Investering pakkhuset

Vedtak: Udekket beløp kr. 291 701,32 i prosjekt 11 Pakkhuset Klepp St dekkes inn av 25600005 Disposisjonsfond Klepp St.

Sak 70/16 Revisjon av lokal diakoniplan Klepp 2016-2019

Diakoniutvalet har revidert den lokale diakoniplanen for Klepp sokn for perioden 2016-2019. Den lokale planen byggjer på diakoniplanen for Klepp kyrkjelege fellestråd og forslaget til handlingsplan for Klepp sokn.

Vedtak: Forslaget til revidert lokal diakoniplan for Klepp sokn vert vedtatt

Sak 71/16 Ymse

- a) Ny kyrkje – politikarane har etterlyst informasjon. Vil informere på gruppemøta til dei ulike partia
- b) Intensjonsavtale – møte med kommunen
- c) Brev til gjevarane – forslag til brev til nye og eksisterande gjevarar vart diskutert. Magnus, Andreas og Magne ferdigstiller dette.
- d) Magnet – det er ynskjeleg med magnet vidare slik som for hausten 2016. Viktig at den er lett å lese.
- e) Det vert møte mellom stiftelsen/plankomit /repr. for sokner det for   sikra god kommunikasjon og klargjering om arbeidsoppg ver
- f) Manglar ein kyrkjevert til julaftan.

Ref Ingunn D Aandal
Sekret r